



Åse Myklebust Neset og Olaug Åsen har opna valurna frå 1903 under Kommunevalet for to år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Folk kan røysta i den krinsen der dei er under valet. Til dømes kan uskedelingar røysta i Rosendal eller på Husnes allereie søndag mellom klokka 12 og 16. Dette er dei to einaste krinsane med todagarsval. i

Kvinnherad, Uskedalen har val måndag frå 11 til 19.

I Uskedalen skjer Stortingsvalet same staden som Kommunevalet for to år sidan - det vil seie med inngang frå fjordsida i Aktivitetshuset, opplyser leiar i røystestyret Åse Myklebust Neset. Kyrkjevalet går føre seg med inngang frå hovudinngangen.

Ho hadde dette vervet også ved det førre valet og Bjørgulv Eik og Olaug Åsen kjem også att som medlemmer. Jostein Grov er erstatta av Steinar Kroka.

Velgjarane skal først gå til avlukket der røysetetlane ligg og det er viktig at fleire ikkje går inn i avlukket samstundes.

Leiaren peikar også på at den setelen som skal nyttast blir bretta rett veg medan ein er i avlukket. Er den bretta feil når ein kjem ut, må ein gjera ein tur til.

Det neste som skjer er at ein går til sjekk i manntalet og får stempel - og så er urna neste stopp.

Når det gjeld valframmøtet, har ikkje Åse Myklebust Neset noko bestemt forklåring på at Uskedalen tradisjonelt ligg heller dårleg an. Det har heller ikkje politikar Torfinn Myklebust.

Ved einskilde kommuneval har det vore gjennomført aksjonar for å auka frammøtet og det har lukkast å auka det med to-tre prosent.

Men ved neste val har det gått tilbake att, opplysar Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen